



Innkalling

av

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Møtedato: 22.03.2022
Møtestad: Kommunehuset, Frekhaug
Møtetid: 09:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Orienteringar:

-Kl. 09.00 Status handlingsplan mot vold i nære relasjonar v/Kjersti Risa Marøy-tenesteleiar Helsestasjon og jordmor

-Presentasjon av følgjande barnehagar i Alver:

Marihøna barnehage, Drømmehagen barnehage, Espira Marthahaugen barnehage,

Leiketun barnehage, Leirdalen barnehage og Læringsverkstedet Maurtua barnehage.

kl. 12:00 Sakshandsaming.

Sakliste

Saknr	Tittel
021/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
022/22	Godkjenning av møteprotokoll – 08.02.2022
023/22	Plansak Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv - Alver kommune - Framlegg til vedtak av planprogram
024/22	Rolle og arbeidsform for politiske styringsgrupper
025/22	Leksehjelp i grunnskulen
026/22	Prioritering av spelemidlar til kulturbygg i Vestland
027/22	Tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne 2022
028/22	17. mai 2022
029/22	Meldingar og orienteringar til OKK - 22.03.2022

15. mars 2022

Christel Villanger Håland

møteleiar

Nora M. K. Gjerde
møtesekretær

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 15.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
021/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	22.03.2022

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.02.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
022/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	22.03.2022

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

10.02.2022 Protokoll - Utval for oppvekst, kunnskap og kultur - 1689456
08.02.2022



Møteprotokoll for Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Møtedato: 08.02.2022
Møtestad: Kommunehuset, Frekhaug
Møtetid: 09:00 - 14:30

Kl. 09.30 var det presentasjon ved styrar av følgjande barnehagar i Alver: Alversund montessori barnehage, Trollskogen barnehage, Hilland familiebarnehage Smilehullet, Haugen barnehage og Juvikstølen barnehage.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Christel Villanger Håland	H	Utvalsleiar
Laila Bjørge	SP	Medlem
Jon Askeland (gjekk etter sak 019/22)	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Hege Nygård Dale	UAVH	Medlem
Yngve Walaker (kom etter sak 020/22)	UAVH	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Nestleiar

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Øystein Nigar	SV	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Anna Ulrika Nordlund	SV	Torbjørn Taranger
Marit Gro Berge	SV	Øystein Nigar

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anders Olav Dale-Idrettsrådgjevar, Eirik B. Utne-tenesteleiar Kultur, Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Samfunnsutvikling, Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, Mona Hagewick-tenesteleiar for Barnehage, Nora Gjerde-politisk sekretariat.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/22	Godkjenning av møteprotokoll
003/22	Referatsaker
004/22	1 gongs handsaming - Offentleg ettersyn & høyring - Områdereguleringsplan for Langelandskogen
005/22	Kultur - Arbeids- og etableringsstipend 2022
006/22	Kultur - driftstilskot - kor, vaksenkorps og andre musikklag 2022
007/22	Kultur - driftstilskot - skulekorps og barnekor 2022
008/22	Kultur - driftstilskot andre lag og organisasjonar 2022
009/22	Kulturprosjekt - 1. utdeling 2022
010/22	Idrettsstipend 2022
011/22	Prosjektilskot - idrettsprosjekt vår 2022
012/22	Tilskot drift og aktivitet for idretts- og skyttarlag
013/22	Tilskot til drift og vedlikehald av større ordinære idrettsanlegg i privat eige 2022
014/22	Tilskot til mindre investeringar ved lokale kulturbygg
015/22	Til uttale - kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034
016/22	Strøyming av møte i politiske styringsgrupper
017/22	Retningsline for gjennomføring av barnehageopptak i Alver kommune
018/22	Vertskommunesamarbeid barnevernsvakt. Godkjenning av avtale med Gulen kommune.
019/22	Kommunedelplan for oppvekst - hovudmål i planen
020/22	Meldingar og orienteringar til OKK - 08.02.2022

001/22: Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Behandling:

Endring rekkefølge sakliste: 020, 001, 002, 003, 015, 004, 005, 006, 007, 008, 009, 019, 010, 011, 012, 013, 014, 016, 017, 018/22.

Ellers ingen merknader, samrøystes.

OKK- 001/22 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

002/22: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Behandling:

Merknad: Leiar påpeikte at den protokollen som låg ute var godkjent. Dette er retta og protokoll 09.12.2021 ligg no ute.

Møteprotokoll frå møte 09.12.2021 vert godkjent, samrøystes.

OKK- 002/22 Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 09.12.2021 vert godkjent.

003/22: Referatsaker

Meldinga vert teke til orientering.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Behandling:

Ingen merknader samrøystes.

OKK- 003/22 Vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

004/22: 1 gongs handsaming - Offentleg ettersyn & høyring - Områdereguleringsplan for Langelandskogen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til områdereguleringsplan ut til offentlig ettersyn: Langelandskogen. PlanID 125620170004, vist på plankart sist datert 15.11.2021 , med tilhøyrande føresegner datert 15.10.2021».

Utval for areal, plan og miljø 08.12.2021:

Behandling:

Kristin Nåmdal-leiar Plan og analyse og Torunn Åsheim-Multiconsult orienterte og svarte på spørsmål frå utvalet.

Framlegg frå Sveinung Toft-V:

Utval for areal, plan og miljø legg reguleringsplanen for Langelandskogen ut til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-11 på vilkår av at punkt 4.1.2 i føresegnene knytt til område for offentlig eller privat tenesteyting (BOP 1) vert endra til følgjande ordlyd:

4.1.2 Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)

a. Innanfor området BOP1 vert det tillate utbygging av fleirbrukshall, forsamlingslokale (t.d. kyrkje, kulturhus), omsorgsbustader og andre føremål som er publikumsretta. Det skal ikkje byggjast skule eller barnehage i dette området. I BOP 2 kan det byggjast barnehage, forsamlingslokale (t.d. kyrkje, kulturhus, omsorgsbustader).

Framlegget fekk 2 røyster og fall (Sveinung Toft-V, Ståle Hopland-Uavh)

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 7 røyster (Heine Fyllingsnes-H, Ingrid Fjeldsbø-H, Kenneth Murberg-H, Leif Taule-Sp, Anne Grete Eide-Ap, Jon Vidar Sakseide-Krf, Jogeir Romarheim-Krf)

APM- 173/21 Vedtak:

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til områdereguleringsplan ut til offentlig ettersyn: Langelandskogen. PlanID 125620170004, vist på plankart sist datert 15.11.2021 , med tilhøyrande føresegner datert 15.10.2021».

Eldreråd 07.02.2022:

Behandling:

Eldrerådet slutta seg samrøystes til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ER- 003/22 Vedtak:

Eldrerådet gjev følgjande uttale:
Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.02.2022:

Behandling:

Framlegg frå Reidar Knutsen:

RMNF bed Alver kommune vurdere behovet for bustader til mennesker med utviklingshemming og kjøpa nokre leilegheiter i det nye buområdet for utleige og med mogelegheit for vidareasal til leigetakarar som ønskjer det.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 006/22 Vedtak:

Uttale frå RMNF - 07.02.2022:

RMNF bed Alver kommune vurdere behovet for bustader til mennesker med utviklingshemming og kjøpa nokre leilegheiter i det nye buområdet for utleige og med mogelegheit for vidareasal til leigetakarar som ønskjer det.

Ungdomsråd 07.02.2022:

Behandling:

Orientering i saka v/Kaia Marie Amland

UR- 007/22 Vedtak:

Ungdomsrådet tek saka til orientering.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Behandling:

Orientering til saka v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef for Samfunnsutvikling

Saka vert teke til orientering, samrøystes

OKK- 004/22 Vedtak:

Uttale i OKK - 08.02.2022:

Saka vert teke til orientering.

Utval for helse og omsorg 08.02.2022:

Behandling:

Kaia Marie Amdal-rådgjevar plan og analyse og Lennart Falkenberg-Arell-rådgjevar planforvaltning orienterte i saka.

Det vart sett fram følgjande felles tilleggframlegg til uttale til 1. gongs handaaming - Offentleg ettersyn og høyring - områdereguleringsplan for Langelandskogen:

Utval for helse og omsorg ynskjer at det vert sett klare krav til at delar av bustadmassen i Langelandskogen skal vere universelt utforma, og at det skal setjast av areal i planområdet som spesifikt skal vere til sosial bustadbygging.

Utvalet vedtok samrøystes fellesframlegg sett fram i møtet.

HO- 005/22 Vedtak:

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande uttale i saka:

Utval for helse og omsorg ynskjer at det vert sett klare krav til at delar av bustadmassen i Langelandskogen skal vere universelt utforma, og at det skal setjast av areal i planområdet som spesifikt skal vere til sosial bustadbygging.

005/22: Kultur - Arbeids- og etableringsstipend 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur delar ut arbeids- og etableringsstipend til følgjande aktørar

- Stine B. Eikefet kr 30.000
- Lydia Hoen Tjore Kr 30.000
- Barbro Wiig Sulebakk kr 30.000

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:**Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 005/22 Vedtak:

Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur delar ut arbeids- og etableringsstipend til følgjande aktørar

- Stine B. Eikefet kr 30.000
- Lydia Hoen Tjore kr 30.000
- Barbro Wiig Sulebakk kr 30.000

006/22: Kultur - driftstilskot - kor, vaksenkorps og andre musikklag 2022**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til drift av kor, vaksenkorps og andre musikklag slik det kjem fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 006/22 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til drift av kor, vaksenkorps og andre musikklag slik det kjem fram av saka.

007/22: Kultur - driftstilskot - skulekorps og barnekor 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til drift av skulekorps og barnekor slik det går fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 007/22 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til drift av skulekorps og barnekor slik det går fram av saka.

008/22: Kultur - driftstilskot andre lag og organisasjonar 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til drift av andre lag og organisasjonar slik det kjem fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 008/22 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til drift av andre lag og organisasjonar slik det kjem fram av saka.

009/22: Kulturprosjekt - 1. utdeling 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av kulturprosjekt – 1. tildeling 2022.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 009/22 Vedtak:

Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av kulturprosjekt – 1. tildeling 2022.

010/22: Idrettsstipend 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av stipend på totalt 60 000,- slik det kjem fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 010/22 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av stipend på totalt 60 000,- slik det kjem fram av saka.

011/22: Prosjektilskot - idrettsprosjekt vår 2022

Rådmannens framlegg til vedtak

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på 30 000,- slik det kjem fram av saka.

Handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Bakgrunn

Alver kommunestyre vedtok i møte 16.09.2021 sak 098/21 Kommunale tilskotsordningar kultur og idrett - revidering av retningsliner. Retningsline omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrett.

Den totale ramma for kultur vart redusert med ein million kroner i møte i kommunestyret 16.12.21 sak 164/21 - Økonomiplan 2022-2025. Som følgje av kuttet vart tilskotsordninga redusert frå kr 7.700.000 i 2021 til kr 6.700.000 i 2022, ein reduksjon på 1 million kroner. Barn og unge har så langt som mogeleg blitt skjerma.

Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga idrettsprosjekt. Ordninga hadde søknadsfrist 15.11.2021.

I retningslina heiter det at ordninga skal støtte prosjekt innan idrettsfeltet, opne arrangement, og innkjøp av utstyr. Tilskotet er behovsprøvd og kan gjevast som tilskot eller underskotsgaranti. Underskotsgaranti til arrangement skal søkjast i forkant. Einskildutøvarar er ikkje omfatta av ordninga.

Det er sett av kr. 30 000 til fordeling i denne søknadsrunden. I 2021 vart det fordelt totalt kr.

171 000 gjennom denne ordninga. 111 000,- vart tildelt i juni og 60 000,- i oktober. Saka har vore på høyring til idrettsrådet.

Saksopplysingar

Uttale Alver idrettsråd:

Alver idrettsråd rår til tildeling av midlar i samsvar med framlegget frå kommunen.

Vurdering

Innstillinga er utarbeida etter tidlegare vedteke retningslinjer for denne tilskotsordninga.

Innstilling

Søklar	Totalkost.	Søknadssum	Innstilling	Merknad
FIL AKS-77	50 000,-	20 000,-	0,-	Manglar vedlegg + sluttrapport etter tildelte prosjektmidlar 2020.
Knarvik IL	75 000,-	50 000,-	10 000,-	Oppdatering orienteringskart i Knarvik.
Knarvik Shorin-Ryu karate	11 000,-	6 000,-	0,-	Manglar vedlegg.
Manger IL	70 000,-	70 000,-	10 000,-	Oppdatering orienteringskart over Manger og Skageneset.
Meland motorsportklubb	300 000,-	150 000,-	0,-	Manglar vedlegg.
Nordhordland BK	200 000,-	50 000,-	10 000,-	Innkjøp 3 v. 3-baner.
Nordhordland hestesportklubb	17 000,-	5 000,-	0,-	Manglar vedlegg.
Nordhordland karateklubb	31 800,-	31 800,-	0,-	Manglar vedlegg.
Radøy KFUM-KFUM-speidarar	29 000,-	15 000,-	0,-	Manglar vedlegg.
Totalt	783 800,-	397 800,-	30 000,-	

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 011/22 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på 30 000,- slik det kjem fram av saka.

012/22: Tilskot drift og aktivitet for idretts- og skyttarlag

Rådmannens framlegg til vedtak

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på 1 356 830,- slik det kjem fram av saka.

Handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Bakgrunn

Alver kommunestyre vedtok i møte 16.09.21 sak 098/21 Kommunale tilskotsordningar kultur og idrett - revidering av retningsliner. Retningsline omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrett.

Den totale ramma for kultur vart redusert med ein million kroner i møte i kommunestyret 16.12.2021 sak 164/21 - Økonomiplan 2022-2025. Som følgje av kuttet vart tilskotsordninga redusert frå kr 7.700.000 i 2021 til kr 6.700.000 i 2022, ein reduksjon på 1 million kroner. Barn og unge har så langt som mogeleg blitt skjerma.

Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga tilskot til drift og aktivitet i idretts- og skyttarlag. Tilskotet hadde søknadsfrist 15.11.2021.

I retningslina heiter det at ordninga skal støtte opp under aktivitet og drift i idrettslag under Noregs idrettsforbund (NIF) og skyttarlag tilslutta Det frivillige Skyttarvesen (DFS). Tildelinga vert basert på medlemstal.

Det er sett av kr. 1 356 830 til fordeling i denne søknadsrunden. I 2021 vart det fordelt kr. 1 791 650.

Saka har vore på høyring til idrettsrådet.

Saksopplysingar

Uttale idrettsråd:

1. Alver idrettsråd rår til utbetaling av drifts- og aktivitetsmidlar i samsvar med framlegget frå kommunen
2. Alver idrettsråd vil be om at løyvinga vert auka og at ekstra midlar vert utbetalt etter same mal som framlegget frå kommunen.

Vurdering

Innstillinga er fordelt etter medlemstal, kr. 250 pr. medlem 0-19 år, og kr. 60 pr. medlem 20+. I 2021 var det kr. 250 pr. medlem 0-19 år, og kr. 100 pr. medlem 20+. Kuttet i tilskot for vaksne er ein følgje av reduksjonen i ordninga som skildra over, og er gjort slik for å skjerma born og unge så langt som mogleg.

Innstilling

<u>Søkjar</u>	<u>Medlem 0-19 år</u>	<u>Medlem 20 +</u>	<u>Innstilling</u>
<u>Idrettslag under NIF</u>			
Alver klatreklubb	108	186	38 160,-
Alver modellbilklubb	26	29	8 240,-
Eikanger IL	127	95	37 450,-
FIL AKS-77	83	34	22 790,-
Frekhaug diskgolflubb	14	114	10 340,-
Hordabø IL	28	106	13 360,-
IL Alvidra	273	133	76 230,-
IL Kvernbit	767	897	245 570,-
Knarvik IL	274	88	73 780,-
Lindås IL	355	194	100 390,-
Manger IL	44	132	18 920,-
Meland golfklubb	231	1165	127 650,-
Meland motorsportklubb	109	128	34 930,-
Nordhordland ballklubb	650	283	179 480,-
Nordhordland bokseklubb	45	31	13 110,-
Nordhordland dykkarklubb	10	71	6 760,-
Nordhordland hestesportklubb	11	18	3 830,-
Nordhordland karateklubb	107	39	29 090,-
Nordhordland padleklubb	16	204	16 240,-
Nordhordland pistolklubb	0	157	9 420,-
Nordre Holsnøy IL	316	169	89 140,-
Radøy fotballklubb	260	98	70 880,-
Radøy idrettslag	132	36	35 160,-
Radøy sportskyttarlag	30	9	8 040,-
<u>Skyttarlag under DFS</u>			
Lindås skyttarlag	26	171	16 760,-

Meland skyttarlag	55	233	27 730,-
Radøy skyttarlag	30	62	11 220,-
Seim skyttarlag	72	236	32 160,-
Totalt	4199	5118	1 356 830,-

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 012/22 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på 1 356 830,- slik det kjem fram av saka.

013/22: Tilskot til drift og vedlikehald av større ordinære idrettsanlegg i privat eige 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til 990 670,- slik det kjem fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 013/22 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til 990 670,- slik det kjem fram av saka.

014/22: Tilskot til mindre investeringar ved lokale kulturbygg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til mindre investeringar ved lokale kulturbygg slik det kjem fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 014/22 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til mindre investeringar ved lokale kulturbygg slik det kjem fram av saka.

015/22: Til uttale - kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldreråd 07.02.2022:

Behandling:

Kirsti Gjetle Floen sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Frvillighetssentralene skal vera desentralisert slik dei er i dag - med sentralar i Knarvik, på Manger og Frekhaug.

Jostein Dale sette fram følgjande tilleggsframlegg:
Austmarka vert teke med som nærsenter.

Olav M. Steinsland sette fram følgjande tilleggsframlegg:
Under "Prinsipp for bustadutvikling" bør omsynet til aldersvenleg lokalsamfunn leggast stor vekt på, og kvalitetskrav til bustad- og sentrumsområde må koma tydelegare fram.
Eldrerådet vedtok samrøystes framlegga sett fram i møtet.

Eldrerådet sluttar seg til hovudtrekka i kommuneplanen sin samfunnsdel, med tilleggsframlegg i møtet.

ER- 006/22 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale til kommuneplanen sin samfunnsdel:
Eldrerådet sluttar seg til hovudtrekka i kommuneplanen sin samfunnsdel, med følgjande tillegg:
- Frvillighetssentralene skal vera desentralisert slik dei er i dag - med sentralar i Knarvik, på Manger og Frekhaug.
- Austmarka vert teke med som nærsenter.
- Under "Prinsipp for bustadutvikling" bør omsynet til aldersvenleg lokalsamfunn leggast stor vekt på, og kvalitetskrav til bustad- og sentrumsområde må koma tydelegare fram

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.02.2022:

Behandling:

Fellesframlegg v/Magne Bjørndal og Reidar Knutsen:

5.1. pkt 4 No står det:

"Pkt. 4. Trygge, friske og livsglade innbyggjarar

Vi vil at innbyggjarane våre skal ha det godt. Vi vil sikre at alle innbyggjarar i kommunen kjenner at dei høyrer til her, kan delta og bidra. Vi vil leggje til rette for at kvar og ein kan skape meningsfylte liv og får den hjelpa og støtta dei treng - frå starten til slutten av livet. Vi vil ha gode oppvekstmiljø med trygge lokalsamfunn, barnehagar og skular. Vi vil sikre at eldre kan bu heime og klare seg sjølv lengst mogleg."

Tilleggsframlegg:

Pkt. 4. Ein kommune der mangfald er ein styrke

Vi vil at innbyggjarane våre, med eit mangfald i alder, kulturell bakgrunn, livssyn, helsetilstand, funksjonsevne og andre ulikskapar utfyller kvarandre og gjev kvarandre rikare liv ved å delta og bidra ut frå kvar sine føresetnader. Vi vil leggje til rette for at kvar og ein kan skape meningsfylte liv og får den hjelpa og støtta dei treng - frå starten til slutten av livet. Vi vil ha gode

oppvekstmiljø med trygge lokalsamfunn, barnehagar og skular. Vi vil både sikre at eldre kan bu heime og klare seg sjølv lengst mogleg, og at innbyggjarar i alle aldrar som av ulike grunnar treng heildøgns omsorg får det.

I planframlegget pkt. 5.2 står det: «Vi skal samarbeide med næringsliv og frivilligheita for å få på plass eit regionalt kulturhus og svømmehall.»
RMNF bed om fylgjande tillegg pkt. 5.2: *Dette skal likevel ikkje føre til at aktiviteten i ulike typar forsamlingshus rundt om i kommunen vert skadelidande.*

5.2 Hovudmål 4 Det står: "Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse."
Tilleggsframlegg pkt 5.2 Hovudmål 4: *Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet og trygge oppvekstvilkår uavhengig av helsetilstand, kulturell bakgrunn, funksjonsevne og andre ulikskapar.*

5.3:

Det står: "Vi skal vere ein imøtekommande og open kommune, og leggje til rette for at alle innbyggjarar får god informasjon og rettleiing om kommunen sine tenester."

Tilleggsframlegg pkt 5.3: *Vi skal vere ein imøtekommande og open kommune, og leggje til rette for at alle innbyggjarar får tilpassa og tilgjengeleg informasjon og rettleiing om kommunen sine tenester.*

Det står: "Vi skal jobbe målretta med kompetanseutvikling og rekruttering for å sikre rett kompetanse til å løyse framtidige behov og oppgåver."

Tilleggsframlegg pkt.5.3: *Vi skal jobbe målretta med kompetanseutvikling og rekruttering for å sikre rett kompetanse til å løyse framtidige behov og oppgåver. Rekrutteringa skal sikta mot at dei tilsette speglar mangfaldet blant kommunen sine innbyggjarar.*

Framlegg frå Else Marie Dale-Krf:

Austmarka vert lagt til som nærsenterområde.

RMNF vedtok samrøystes framlegga sett fram i møtet.

RMNF sluttar seg til hovudtrekka i kommuneplanen sin samfunnsdel, med tilleggframlegg i møtet.

RMNF- 003/22 Vedtak:

Uttale frå RMNF - 07.02.2022:

RMNF sluttar seg til hovudtrekka i kommuneplanen sin samfunnsdel, med fylgjande tillegg:

Pkt. 4. Ein kommune der mangfald er ein styrke

Vi vil at innbyggjarane våre, med eit mangfald i alder, kulturell bakgrunn, livssyn, helsetilstand, funksjonsevne og andre ulikskapar utfyller kvarandre og gjev kvarandre rikare liv ved å delta og bidra ut frå kvar sine føresetnader. Vi vil leggje til rette for at kvar og ein kan skape meningsfylte liv og får den hjelpa og støtta dei treng - frå starten til slutten av livet. Vi vil ha gode oppvekstmiljø med trygge lokalsamfunn, barnehagar og skular. Vi vil både sikre at eldre kan bu heime og klare seg sjølv lengst mogleg, og at innbyggjarar i alle aldrar som av ulike grunnar treng heildøgns omsorg får det.

RMNF bed om fylgjande tillegg pkt. 5.2: Dette skal likevel ikkje føre til at aktiviteten i ulike typar forsamlingshus rundt om i kommunen vert skadelidande.

Framlegg pkt 5.2 Hovudmål 4: Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet og trygge oppvekstvilkår uavhengig av helsetilstand, kulturell bakgrunn, funksjonsevne og andre ulikskapar.

Framlegg pkt 5.3: Vi skal vere ein imøtekommande og open kommune, og leggje til rette for at alle innbyggjarar får tilpassa og tilgjengeleg informasjon og rettleiing om kommunen sine tenester.

Framlegg pkt.5.3: Vi skal jobbe målretta med kompetanseutvikling og rekruttering for å sikre rett kompetanse til å løyse framtidige behov og oppgåver. Rekrutteringa skal sikta mot at dei tilsette speglar mangfaldet blant kommunen sine innbyggjarar.

Austmarka vert lagt til som nærsenterområde.

Ungdomsråd 07.02.2022:

Behandling:

Orienterig i saka v/Line Thuen Waage

UR- 005/22 Vedtak:

Ungdomsrådet tek saka til orietering og kjem tilbake med innspel i samband med dialogmøtet 8.2.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Behandling:

Framlegg frå Jon Askeland-Sp:

Saka vert teken til orientering.

Stemmeforklaring: Med tilvising til at gruppeleiarane i samarbeidspartia den 7.

februar samla seg om at samarbeidspartia tek saka til orientering i utvalsmøta denne veka. Det vart også understreka at det vert ein politisk prosess på endeleg handsaming av planen etter innspela frå eksterne partar i høyringsrunden.

Frå SP si side varslar me at me ynskjer at Austmarka vert tatt inn som nærsenter, og at me vil vurdera betre formuleringar knytt til spreidd busetnad, og viser til at Voss herad har gode formuleringar som me vil sjå til her.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

OKK- 015/22 Vedtak:

Uttale i OKK - 08.02.2022:

Saka vert teken til orientering.

Stemmeforklaring: Med tilvising til at gruppeleiarane i samarbeidspartia den 7. februar samla seg om at samarbeidspartia tek saka til orientering i utvalsmøta denne veka. Det vart også understreka at det vert ein politisk prosess på endeleg handsaming av planen etter innspela frå eksterne partar i høyringsrunden.

Frå SP si side varslar me at me ynskjer at Austmarka vert tatt inn som nærsenter, og at me vil vurdera betre formuleringar knytt til spreidd busetnad, og viser til at Voss herad har gode formuleringar som me vil sjå til her.

Utval for helse og omsorg 08.02.2022:

Behandling:

Line Thuen Waage-samfunnsplanleggar orienterte i saka.

Alexander Helle-R sette fram følgjande tilleggsframlegg under punkt 6.2 "prinsipp for bustadutvikling" - nytt hovudkulepunkt:
Vi skal sikre sosial bustadbygging

Helle sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Utvalet vedtok samrøystes å ta kommuneplanen sin samfunnsdel til orientering med tilleggspunkt sett fram i møtet.

HO- 006/22 Vedtak:

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande uttale til kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034:

Utval for helse og omsorg tar kommuneplanen sin samfunnsdel til orientering med tillegg av nytt kulepunkt under punkt 6.2 "Prinsipp om bustadutvikling":

Vi skal sikre sosial bustadbygging.

Utval for næringutvikling og drift 09.02.2022:

Behandling:

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg til uttale:
Utvalet tek kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034 til orientering.

Utvalet vedtok samrøystes utvalsleiaren sitt framlegg til uttale.

ND- 005/22 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande uttale:

Utvalet tek kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034 til orientering.

016/22: Strøyming av møte i politiske styringsgrupper

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Når politiske styringsgrupper er samla til vedtaksmøte skal møta strøymast
- Når politiske styringsgrupper er samla til arbeidsmøte skal møta ikkje strøymast.
- Reglement for politisk styringsstruktur blir oppdatert i tråd med vedtaket.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Behandling:

Ingen merknader, samrøystes.

OKK- 016/22 Vedtak:

Uttale i OKK - 08.02.2022:

Ingen merknader.

Utval for helse og omsorg 08.02.2022:

Behandling:

Alexander Helle-R sette fram følgjande endringsframlegg i kulepunkt 2:
Når politiske styringsgrupper er samla til arbeidsmøte skal møta strøymast.

På vegne av samarbeidspartia SP, AP og KRF sette May-Irene Wergeland-SP fram følgjande endringsframlegg:

- *Når politiske styringsgrupper er samla til vedtaksmøte skal møta i hovudsak strøymast*
- *Når politiske styringsgrupper er samla til arbeidsmøte skal møta i hovudsak ikkje strøymast*
- *Reglement for politisk styringsstruktur blir oppdatert i tråd med vedtaket*

Helle-R sitt framlegg fekk to røyster og fall (A.Helle-R, Roy Bø-Uavh.)

Samarbeidspartia sitt framlegg vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg.
Rådmannn sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.
Samarbeidspartia sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

HO- 004/22 Vedtak:

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande utfale i saka:

- *Når politiske styringsgrupper er samla til vedtaksmøte skal møta i hovudsak strøymast*
- *Når politiske styringsgrupper er samla til arebeidsmøte skal møta i hovudsak ikkje strøymast*
- *Reglement for politisk styringsstruktur blir oppdatert i tråd med vedtaket*

Utval for næringutvikling og drift 09.02.2022:

Behandling:

Liv Hopland van der Kooij-SP sette fram følgjande endringsframlegg:

- *Når politiske styringsgrupper er samla til vedtaksmøte skal møta i hovudsak strøymast*
- *Når politiske styringsgrupper er samla til arbeidsmøte skal møta i hovudsak ikkje strøymast.*
- *Reglement for politisk styringsstruktur blir oppdatert i tråd med vedtaket.*

Framlegg frå Hopland van der Kooij vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg.

Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.

Liv Hopland van der Kooij sitt framlegg fekk 6 røyster og vart samrøystes vedteke.

ND- 004/22 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande uttale:

- Når politiske styringsgrupper er samla til vedtaksmøte skal møta i hovudsak strøymast
- Når politiske styringsgrupper er samla til arbeidsmøte skal møta i hovudsak ikkje strøymast.
- Reglement for politisk styringsstruktur blir oppdatert i tråd med vedtaket.

017/22: Retningsline for gjennomføring av barnehageopptak i Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Alver kommune vedtek retningsline for barnehageopptak i Alver kommune»

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 017/22 Vedtak:

Innstilling frå OKK - 08.02.2022:

«Alver kommune vedtek retningsline for barnehageopptak i Alver kommune»

018/22: Vertskommunesamarbeid barnevernsvakt. Godkjenning av avtale med Gulen kommune.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune inngår vertskommunesamarbeid med Gulen kommune knytt til beredskap for

barnevernsvakta. Alver kommune blir vertskommune for dette samarbeidet, i samsvar med utarbeidd samarbeidsavtale.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 018/22 Vedtak:

Innstilling frå OKK - 08.02.2022:

Alver kommune inngår vertskommunesamarbeid med Gulen kommune knytt til beredskap for barnevernsvakta. Alver kommune blir vertskommune for dette samarbeidet, i samsvar med utarbeidd samarbeidsavtale.

019/22: Kommunedelplan for oppvekst - hovudmål i planen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til hovudmål for kommunedelplan oppvekst blir vedteke slik dei er presentert i saka.

Ungdomsråd 07.02.2022:

Behandling:

Orientering i saka v/Kristin Moe.

UR- 003/22 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Behandling:

Orientering til saka v/Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst

Fellesframlegg: OKK ønskjer på nokre punkt at det vert gjort redaksjonelle omformuleringar utan å endre innhald. Saka kjem opp i neste møte med andre formuleringar.

Framlegget vart samrøystes vedteke

OKK- 019/22 Vedtak:

OKK ønskjer på nokre punkt at det vert gjort redaksjonelle omformuleringar utan å endre innhald. Saka kjem opp i neste møte med andre formuleringar.

020/22: Meldingar og orienteringar til OKK - 08.02.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Behandling:

Kl. 09.30 var det presentasjon ved styrar av følgjande barnehagar i Alver: Alversund montessori barnehage, Trollskogen barnehage, Hilland familiebarnehage Smilehullet, Haugen barnehage og Juvikstølen barnehage.

Meldingar vert tekne til orientering.

OKK- 020/22 Vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Arkiv: <arkivID><jplD>
Plannavn-
Kommunedelplan
for kultur, idrett og
friluftsliv, Komnr-4631,
FA-L01

JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 24.02.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
023/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	22.03.2022
	Alver kommunestyre	
	Ungdomsråd	
	Eldreråd	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	

Plansak Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv - Alver kommune - Framlegg til vedtak av planprogram

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i Plan- og bygningsloven § 11-13, tilrår utval for oppvekst, kunnskap og kultur at:

Alver kommunestyre vedtek framlegg til planprogram for Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 på følgende vilkår:

Vedlegg om kunnskapsgrunnlag:

1. Oppdater med følgende tema
 - a. Moglegheitsstudie kulturhus
 - b. Barnefamiliepanelet

Planprogrammet:

2. Legg til ungdata i lista over eksisterande kunnskap og medverknad , s. 8
3. Ta med berekraftsmål 12, Ansvarleg forbruk og produksjon, s. 5
4. Legg inn følgende punkt under eksisterande kunnskap og medverknad, s. 8:
 - c. Fylkeskommunale kartleggingar
 - d. Kommunedelplan Helse, sosial og omsorg
 - i. Intern kartlegging
 - e. Kommunedelplan oppvekst
 - i. Rapport Innspel frå referansegrupper
 - ii. Rapport Intern undersøking
 - f. Interkommunal plan for sjæareala i Nordhordland
5. Legg til følgende tema i tabellen til avsnitt 5. Avgrensing av innhald
 - g. Inkludering og mangfald
 - h. Digitalisering av samfunnet
 - i. Kunnskap og forskning
 - j. Endre tema «kulturminne og kulturmiljø» til «kulturarv»

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur fatta i møte 09.12.2021, sak 076/21, vedtak om oppstart av arbeidet med Kommunedelplan kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035, og å legge ut planprogram for kommunedelplanen til offentleg høyring og ettersyn i samsvar med Plan- og bygningsloven §§ 11-12 og 11-13.

Planprogrammet skal vise føremålet med planarbeidet, planprosessen og opplegget for medverknad.

Planprogrammet har lagt på høyring i perioden 17.01.2022-28.02.2022. I perioden er det kome inn 23 uttalar, 2 frå offentlege mynde, 11 frå organisasjonar og 10 frå private.

Saksopplysningar:

Det vidare arbeidet med Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv (KDP KIF) bygger vidare på kunnskapsgrunnlaget frå Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) og Kommunedelplanane for Oppvekst, og Helse, sosial og omsorg, som no er i slutfasen. Den bygger også på kunnskapsgrunnlaget til Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland. Vidare skal målsettingane og strategiane koordinerast med dei nemnde planane, der KPS er førande for kommunedelplanane. Måla i høyringsframlegget til KDP KIF sitt planprogram er henta frå høyringsframlegget til KPS. Måla til KDP KIF kan justerast undervegs i prosessen, basert på endeleg vedtatt KSP. KPS knyt også ei rekke «vegval» (strategiar) til delmåla, som skal jobbast vidare med i KDP KIF. Vidare skal det knytast tiltak til strategiane. Planprogrammet peikar på fleire tema det skal vurderast behov for areal til. Kommunedelplanen skal koordinerast med Kommuneplanen sin arealdel (KPA) for sikre areal for desse tema.

Merknadar til planprogrammet

Alle merknadar finst i vedlagte merknadar og merknadsoppsumming med kommunedirektøren si vudering. I dei følgjande avsnitta blir hovudessensen i merknadane og kommunedirektøren sin vudering oppsummert. Merknadane kommunedirektøren rår å ta til følgje går fram av vilkårslista.

Avgrensing av innhald, kap 5 i planprogrammet:

Fleire av innspela dreier seg om tema og dømer i kap. 5 i planprogrammet, «Avgrensing av innhald». Det er fleire som ønsker at ulike konkrete tema skal nemnast i lista, som til dømes regionalt kulturhus, kyrkje og rekreasjon på sjø.

Kommunedirektøren vurderer at tema i tabellen må vere på eit overordna nivå og at døma ikkje kan vere uttømmende, men skal forklare kva me meiner med tema. Kommunedirektøren rår derfor ikkje å ta alle innspela til følgje. Nokre av merknadane rår kommunaldirektøren å ta til følgje - Inkludering og mangfald, digitalisering av samfunnet samt kunnskap og forskning. Dette er tema som er viktig å trekke fram og som ikkje naturleg høyrer heime under dei andre tema.

Museum/kulturarv:

Fleire innspel handlar om museum, som regionmuseum eller ulike formar for lokale museum og magasin for eldre gjenstandar. Ein del dreier seg også om immateriell kulturarv, som kunnskap om handtverk og byggeskikk, skråk og dialekter.

Kommunedirektøren vurderer at museum høyrer heime under tema «Kulturminne og kulturmiljø», kap 5 i planprogrammet. Immateriell kulturarv er i høyringsutkastet tenkt under same tema. For å tydeleggjere at immateriell kulturarv er del av planen, rår kommunedirektøren å endre tema «Kulturminne og kulturmiljø» til «Kulturarv», der kulturarv dekkjer både kulturminne, kulturmiljø og immateriell kulturarv.

Regionalt kulturhus:

Mange ønsker seg eit regionalt kulturhus.

Kommunedirektøren vurderer at eit regionalt kulturhus høyrer heime under tema kultur- og idrettsanlegg, kap. 5 i planprogrammet. Kommuneplanen sin samfunnsdel har eit delmål som seier at det skal etablerast eit kulturhus og simehall i regionsenteret Knarvik. Kulturplanen følger opp samfunnsdelen. Kommunedirektøren

rår å ta inn mogleighetsstudien Regionalt kulturhus og badeanlegg i Knarvik i vedlegg om kunnskapsgrunnlag.

Rekreasjon på sjø, interessekonflikatar:

Verdien sjøen og skjærgarden i Alver har som rekreasjonsområde er det også fleire som peikar på. Her trekk dei også inn at kommunen ikkje må tillata meir fiskeoppdrett.

Kommunedirektøren vurderer at rekreasjon på sjø og i skjærgard høyrer heime under tema «Friluftsliv», kap. 5 i planprogrammet. Miljø i sjø og fiskeoppdrett er relevant for ein annan plan som også er i prosess, Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland. Kulturplanen bygger på kunnskapsgrunnlaget til IKP for sjøareala i Nordhordland og kommunedirektøren rår å legge denne planen til i lista over eksisterande kunnskapsgrunnlag i planprogrammet.

Kommunedirektøren sin vurdering og konklusjon

Kommunedirektøren vurderer at planprogrammet er eit godt utgangspunkt for å sette i gang arbeidet med sjølve Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv. Dei fleste merknadane er dekkja av høyringsframlegget. Merknadane kommunedirektøren rår å ta til følge går fram av vilkårslista.

Vedlegg i saken:

24.02.2022	Plansak Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv - Alver kommune - Framlegg til vedtak om høyring og offentlig ettersyn, planprogram	1697210
14.03.2022	Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv_Merknadar til planprogram	1707568
14.03.2022	Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv_Merknadsoppsummering for planprogrammet	1707573

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-034
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 11.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Utval for helse og omsorg	
024/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	22.03.2022
037/22	Utval for areal, plan og miljø	23.03.2022
	Utval for næringutvikling og drift	
	Alver formannskap	

Rolle og arbeidsform for politiske styringsgrupper

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Politiske styringsgrupper i Alver skal ha to møteformar, vedtaksmøte og arbeidsmøte, slik det er lagt fram i saka.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur, utval for helse og omsorg, utval for næringsutvikling og drift, utval for areal, plan og miljø,
Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Alle planar, utviklingsprosjekt og investeringsprosjekt med politisk styring skal vere prosjektorganisert med ei politisk styringsgruppe. Det er reglement for politisk styringsstruktur som definerer kva politisk utval som skal vere politisk styringsgruppe for ulike prosessar. Prosessane blir styrt gjennom reglement og eigen metodikk, og dette blir gjort for å klargjere roller og ansvar i ein definert og avgrensa utviklingsprosess.

I rolla som politisk styringsgruppe skal dei politiske utvala vedta prinsipp, rammer og avgrensing som er styrande for arbeidet med prosjekt og planar. Styringsgruppene skal primært ta avgjerder ved definerte faseovergangar, men kan også ta avgjerd undervegs i prosessen som er styrande for vidare arbeid.

Erfaringar frå større investeringsprosjekt og planarbeid har vist at det ofte er behov for å ha dialogbaserte drøftingar undervegs i styringsgruppene. Dette kan vere diskusjonar rundt ulike problemstillingar eller vegval, der arbeidsforma er meir uformell. Føremålet er å ha dialog og arbeide saman. Tilbakemelding frå arbeidet i dei politiske styringsgruppene har vist at det kan vere uklart når styringsgruppene arbeider saman og når det blir tatt avgjerder. Styringsgruppene kjem ofte med politiske signal frå ulike drøftingar, men dette er i prinsippet ikkje formelle vedtak som er styrande for prosessen.

Vurdering

For å tydeleggjere rolle og arbeidsform til politiske styringsgrupper, ser kommunedirektøren behov for å etablere to ulike møteformar:

1. Vedtaksmøte

2. Arbeidsmøte.

I vedtaksmøte har dei politiske styringsgruppene i prinsippet den same rolla som i ordinære møte, berre at vedtaka omhandlar eit konkret prosjekt eller ein plan. Vedtaksmøta skal førebuast på same måte som eit ordinært møte med skrivefristar, saksførebuing og innsyn. I tillegg skal det skal førast protokoll som følgjer anna dokumentasjon i prosessen. Vedtaksmøta blir strøyma slik som ordinære utvalsmøte. Vedtaksmøte blir gjennomført ved faseovergangar og undervegs i prosessen ved behov. Det kan vere tilrådeleg å ha vedtaksmøte undervegs i ein prosess som legg nye prinsipp og rammer for vidare arbeid.

I arbeidsmøte skal styringsgruppene samlast for å diskutere ulike problemstillingar som er relatert til eit prosjekt eller ein plan. Det skal sendast ut innkalling med agenda før arbeidsmøte, og tid for utsending blir avklart i samråd med utvalsleiar. Det skal kome klart fram på innkalling om det er eit arbeidsmøte eller eit vedtaksmøte. Arbeidsforma og dialogen i arbeidsmøta vil vere mindre formell enn i vedtaksmøta, og styringsgruppa skal ikkje gjere vedtak. Administrasjonen vil lage ei oppsummering frå arbeidsmøta for å notere ned kva tema som er drøfta. Oppsummeringa skal følgje anna dokumentasjon i prosjektet. Arbeidsmøta skal ikkje strøymast.

Det vil også vere mogleg å ha arbeidsmøte og vedtaksmøte i same styringsgruppemøte, og dette blir presisert tydeleg i innkalling og førebuing til møtet.

Presisering av arbeidsform for dei politiske styringsgruppene vil bli lagt inn i reglement for prosjektstyring.

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-A23
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 01.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
025/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	22.03.2022
011/22	Ungdomsråd	21.03.2022

Leksehjelp i grunnskulen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til retningslinje for organisering av leksehjelptilbudet i dei offentlege grunnskulane i Alver vert vedteke med følgjande endring:

Under «organisering»:

Timane kan plasserast før undervisning, som ein midttid i skuledagen eller leggjast til etter undervisninga på slutten av dagen.

Politisk handsaming

Saka er handsama i utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.11.2021, og sendt på høyring med høyringsfrist 28.01.2022.

Saka skal til uttale i ungdomsrådet.

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Bakgrunn

Organiseringa av leksehjelpordninga i dei tidlegare kommunane Lindås, Meland og Radøy var ulik. Dåverande retningslinjer for organisering av leksehjelptilbudet i dei offentlege grunnskulane må erstattast med nye. Kommunedirektøren har utarbeidd framlegg til ny retningslinje for organisering av leksehjelptilbudet i Alver kommune.

Leksehjelpordninga er regulert av opplæringslova §13-7 a:

«Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen. Tilbudet skal vere gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta på leksehjelptilbudet, men det skal vere frivillig om dei ønskjer å delta.»

Vidare er rammene for leksehjelpordninga skissert i Forskrift til opplæringslova, § 1A-1. Leksehjelp i grunnskolen:

«Kommunen skal tilby leksehjelp, jf. opplæringslova § 13-7a, med til saman åtte timar kvar veke til elevar i grunnskolen. Dei åtte timane fordelast fritt på årstrinna slik kommunen avgjer. Formålet med leksehjelpa er å gi eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring og gode rammer for sjølvstendig arbeid. Leksehjelpa skal og medverke til å utjamne sosial ulikskap i opplæringa. Leksehjelpa er ikkje ein del av opplæringa til eleven, men skal sjåast i samanheng med opplæringa. Leksehjelpa skal gi eleven hjelp med skolearbeidet. Kommunen er ansvarleg for leksehjelpa og vel korleis leksehjelpa skal organiserast. Kommunen pliktar å informere foreldra om retten til leksehjelp og tilbodet som gis. Kommunen pliktar å sørgje for forsvarleg tilsyn med elevane i leksehjelpa. Gruppa må ikkje vere større enn det som er trygt og pedagogisk forsvarleg. Leksehjelpa skal vere gratis for eleven. Dersom leksehjelpa blir organisert som ein del av skolefritidsordninga, kan kommunen ikkje ta betalt for den tida eleven mottok leksehjelp etter denne føresegna. Dette gjeld og for elevar som ikkje deltek i skolefritidsordninga elles.»

I framlegget til retningslinjene vert det etablert ei felles ramme for organisering for leksehjelpordninga i Alver kommune. Retningslinjene fastset timetal fordelt på trinn. Den einkilde rektor/skule har, innanfor ramma av timar fordelt på trinn, høve til å organisere tilbodet fleksibelt ut frå skulen sine prioriteringar og storleik.

Framlegg til organisering i retningslinja:

Mellomtrinn: 5 timar i veka, fordelt på 5.-7. trinn

Ungdomstrinn: 3 timar i veka, fordelt på 8.-10. trinn

Timane kan organiserast fleksibelt ut frå skulen sine prioriteringar og storleik, men alle skulane skal ha eit tilbod i samsvar med timefordelinga for mellomtrinn og ungdomstrinn. Timane kan plasserast som ein midttyme i skuledagen eller leggjast til etter undervisninga på slutten av dagen.

Den einkilde skule avgjer kva namn dei vil bruke på tilbodet.

Elevar og føresette skal få informasjon om tilbodet frå skulen.

Organisering av leksehjelpa ved den einkilde skule skal drøftast i lokalt elevråd og i dei andre rådsorgana. Alle skulane må sikre god elevmedverknad før endeleg organisering blir fastsett.

Rektor er ansvarleg for organisering og bemanning (kompetanse) på leksehjelpa. Gruppa må ikkje vere større enn det som er trygt og pedagogisk forsvarleg.

Den einkilde skule skal årleg evaluere leksehjelptilbodet, og elevane skal vere tett involvert i denne evalueringa (korleis fungerer leksehjelpa hjå oss, korleis kan den bli betre?).

Elevane har ikkje rett på gratis skyss etter leksehjelp.

Saksopplysninger

Framlegget til nye retningslinjer for organisering av leksehjelptilbodet i dei offentlege grunnskulane i Alver kommune vart sendt til høyringsinstansane 06.12.2021. Høyringa vart sendt til alle grunnskulane i Alver, med oppmoding om å handsama saka i SU, elevråda og foreldreutvala ved kvar skule. Høyringa vart i tillegg sendt til dei tilsette sine organisasjonar. Kommunedirektøren har fått inn 7 uttaler frå høyringsinstansane.

Ved **Austebygd skule** (1-7. trinn) meiner elevrådet at tilbodet om leksehjelpordning ikkje er naudsynt, av di elevane no har lite lekser og i tillegg klarar gjere dei på eiga hand. Dei meiner vidare at det ikkje er nok arbeid til å utnytte denne tida på 90 minutt i veka. Dei undrar seg over om innføringa av leksehjelpordninga betyr at dei som vel å ikkje nytta seg av tilbodet vil få meir lekser.

Dei tilsette ved skulen stiller seg bak elevrådet sin uttale om at ein ikkje treng leksehjelptilbodet. Dei grunnjev dette med at elevane alltid får tilpassa lekser og har føresetnadane til å meistre leksene på eiga hand. Dei stiller seg vidare undrande til setninga: «Elevane får meir fritid, ved at delar av leksene er gjort før dei kjem heim.» Dei tenkjer at tidsmessig brukar elevane lik tid uavhengig kvar leksene vert gjort; heime eller på skulen.

Vidare poengterer dei at det er viktig at dette tilbodet vert kompensert økonomisk, og at det såleis ikkje må bli ei ekstra belastning ved å ta ressursar frå den ordinære undervisninga.

Foreldreutvalet og skulemiljøutvalet ved skulen freista å sende ut ei undersøkjing for å kartleggje kor mange som eventuelt ville nytta tilbodet. Av 19 heimar var 4 heimar interessert for skuleåret 22/23. Dei peikar vidare på problematikken rundt bussforbindelse, då ein ikkje har rett på skuleskyss frå tilbodet. Det vil såles verta eit mindretal av elevar som kan nytta seg av tilbodet; kun dei med gangavstand til skulen. Dei fleste av elevane vil vera avhengig av føresette som har høve til å hente dei.

Ved **Sæbø skule** seier elevråd, samarbeidsutvalet, skulemiljøutvalet og foreldreutvalet seg samd med

kommunedirektøren sitt framlegg, og konkluderer med at dei støttar alternativ D; Leksehjelpordning på mellomtrinnet og på ungdomstrinnet. Dei grunnjev dette med at på mellomtrinnet har ein behov for meir hjelp til leksene då leksene vert meir avanserte og omfattande. På den måten vil gevinsten av ordninga verta større enn å ha ordninga på småtrinnet. Dessutan vil ein ved å leggje leksehjelpordninga frå 5. -10. trinn, gje tilbodet til ei større gruppe elevar, i tillegg til at timane vil verte best nytta.

Dei har vidare ei bekymring rundt det å ha tilbodet knytt til SFO-tilbodet. Det vil då verta vanskelegare for elevar som ikkje nyttar SFO-tilbodet å gjera seg nytte av leksehjelptilbodet.

Ved **Kløvheim skule** har personalet, elevrådet, samarbeidsutvalet og foreldrerådsutvalet gått saman om ei uttale. Dei spør om timane til leksehjelpordninga også kan leggjast til morgonane; før skuletid. Vidare spør dei etter kva type kompetanse som krevst av den som skal utføra leksehjelptilbodet; om vedkommande må ha godkjent lærarutdanning eller om det er tilstrekkeleg å vera pedagogisk medarbeidar. Dei etterlyser også svar på om det krevst eit minimum tal elevar for å tilby leksehjelpordning, eller om dette skal gjennomførast også med få påmeldte. Dette vil i alle høve verte særleg ressurskrevjande for småskular om det er eit krav å ha pedagog med godkjent lærarutdanning som skal utføra leksehjelpordninga. Til slutt spør dei om det også kan vere yngre elevar som kan dra nytte av ordninga, og foreslår at ein endrar ordlyden i retningslinja til: «..kan behovsprøvast dersom kapasitet.»

Ved **Manger skule** ønskjer samarbeidsutvalet ved skulen å ha leksehjelptilbodet frå 5.-10. klasse, men med 3 timar på barneskulen og 5 timar på ungdomsskulen. Dette grunnjev dei med at det er frå 7.- til 8. trinn overgangen i høve til lekser er størst; mengde aukar og innhald vert vanskelegare.

Ved **Seim skule** konkluderer elevrådet, samarbeidsutvalet og foreldreutvalet med at dei er samd med kommedirektøren sitt framlegg, der mellomtrinnet får 5 timar og ungdomstrinnet 3 timar i veka med leksehjelpordning; tilsaman 8 timar i veka frå 5. -10. trinn. Dette vert grunnjevde ved at det er i dette tidsrommet behovet for leksehjelpordning er størst.

Ved **Ostereidet ungdomsskule** har elevrådet uttalt at dei er positive til leksehjelptilbodet, men at dei stiller spørjeteikn ved organiseringa. Dei ønskjer ikkje ei utviding av skuledagen for alle. Dei grunnjev dette med at det er mange elevar som arbeider best heimefrå. Leksehjelp etter endt skuledag vil også vere utfordrande i høve til skysstilbodet heim. Dei ser for seg at tilbodet kan gjevast om måndagane, då dei har kort skuledag- og då som eit frivillig tilbod.

Samarbeidsutvalet ved skulen seier seg positive til kommunalt tilbod om leksehjelp. Dei ønskjer at dei som vel å nytta seg av leksehjelpordninga ikkje treng å betale for bussturen heim. Vidare poengterer samarbeidsutvalet at ein er avhengig av at skulen klarar å skaffe personale som kan gje eit godt tilbod på leksehjelpordninga, samstundes som det ikkje må takast ressursar til dette frå rammetimane til skulen.

Ved **Leiknes skule** støttar samarbeidsutvalet kommedirektøren sitt framlegg om leksehjelp fordelt mellom 5.-10 årstrinn, med fordelinga 5 timar i barneskulen og 3 timar på ungdomsskulen. Dei meiner at det er viktig å fordele leksehjelptilbodet ut over fleire år for å få best utnytting av ressursen. Det er ikkje ønskjeleg å ha leksehjelp for elevar frå 1.-4. trinn. Det vert trekt fram at føresette må vere den som følgjer opp barnet sitt dei første skuleåra. Det er då føresette skal verte kjend med utviklinga barna har.

Vidare ønskjer ein at retningslinja skal seie noko om at det er pedagogar som må vere leksehjelparar, då tilbodet skal gje ei god støtte og hjelp i opplæringa; både i høve til fagleg oppfølging men også klasseleiingskompetanse.

Det vert også ønskjeleg at ein får med eit moment om at ein, så langt det let seg gjera, må tilretteleggje for leksehjelpordninga slik at det er mogleg å nytte ordinære bussruter heim. Dette vert særleg viktig på ungdomskuletrinna, då elevane her ofte har lang reiseveg.

Vurdering

Retningslinja for organiseringa av leksehjelptilbodet i Alver kommune skal først og fremst setja ei ytre ramme for leksehjelptilbodet slik at ordninga vert forutsigbar. Vidare er kommunen pålagt i opplæringslova §13-7 å ha eit leksehjelptilbod. Vidare legg forskrift til opplæringslova, § 1A-1. Leksehjelp i grunnskolen, føringar på antal

timar kommunen er pålagt å ha ei slik ordning; tilsaman 8 timar i veka fordelt på trinna. Det er opp til kommunen å avgjere kva trinn desse timane skal leggjast til. Formålet med ordninga er å støtte elevar i opplæringa, gje dei meistring og gode rammer for skulearbeidet. Vidare skal leksehjelpordninga utjamne sosiale ulikskapar i opplæringa.

Alver kommune skal gje tilbod om gratis leksehjelp i grunnskulen. Elevane har rett til å nytte seg av leksehjelptilbodet, og ordninga skal gjennomførast uavhengig av tal påmeldingar til ordninga. Tilbodet er frivillig, og dei kan delta om dei ønskjer.

Det er, og skal vere, rom for ulike organisatoriske løysingar lokalt på dei ulike skulane. I Alver kommune har ein skular med alt frå eit titals elevar til eit hundretals. Dette betyr at organiseringa vil bli ulik for å kunne nytte ordninga på ein best mogleg måte. Vidare er det barneskular for 1.-7. trinn, ungdomsskular frå 8.-10. trinn og skular med 1.-10. trinn. På grunnlag av dette er det naudsynt å leggja eit fast tal timar til trinna.

Rektor ved den einskilde skule vil kunne byggje ordninga som det passar dei t.d. ut frå skyss og ressursar. Tilbodet skal samsvara timefordelinga for mellomtrinn og ungdomstrinn. Likevel er det viktig å ha ei felles og forutsigbar ramme for tal timar og korleis desse skal fordelast på trinna i grunnskulen, noko som denne retningslinja for leksehjelpordninga i Alver kommune gir.

Rektor er ansvarleg for organiseringa og bemanninga for leksehjelpordninga. Kommunedirektøren er samd med at det kan komma klårare fram i retningslinja at dette tilbodet også kan tilretteleggjast på morgonen. Dette står heller ikkje i nokon motsetnad til opplæringslova eller forskrift til opplæringslova.

I høve bemanning er ramma her at ordninga skal driftast pedagogisk forsvarleg med omsyn til gruppestorleik og tryggleik til elevane. Det er opp til rektor å vurdere kva kompetanse som trengs for leksehjelpordninga på sin skule; om det trengs pedagogar eller assistentar.

Vidare skal ordninga evaluerast årleg. På den måten kan ein gjere justeringar kvart år for å tilpasse ordninga best mogleg etter intensjonen.

Elevane har ikkje rett på gratis skyss til og frå leksehjelpordninga.

Kommunedirektøren konkluderer med at det er viktig med størst mogleg fleksibilitet i organisering og bemanning. Det bør presiserast at leksehjelpordninga også kan organiserast før undervisningsstart. Kommunedirektøren konkluderer med behov for følgjande endringar i framlegget som vart sendt ut til høyring om retningslinjer for organisering av leksehjelptilbodet i dei offentlege grunnskulane i Alver kommune. Endringa er foreslått i framlegget, under «organisering», og er understreka:

Timane kan plasserast før undervisning, som ein midttime i skuledagen eller leggjast til etter undervisninga på slutten av dagen.

Vedlegg i saken:

15.03.2022 Retningslinje for organisering av leksehjelptilbodet i Alver 1706651
kommune- med endringar

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-243, FA-D10
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 03.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
026/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	22.03.2022
	Alver kommunestyre	

Prioritering av spelemidler til kulturbygg i Vestland

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune prioriterer innkomne søknader til lokale kulturbygg som følger:

1. Alver kommune: Lokalt kulturbygg som del av nye Alversund barneskule.
2. Stiftinga Museumssenteret i Hordaland: Nybygg/tilbygg av formidling og aktivitetsbygg på museum ved Lyngheisenteret (*Naturrom Lygra*)

Vurderinga er gjort med omsyn til føresetnadane i retningsliner for tilskot til kulturbygg frå Vestland fylkeskommune.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Kommunen må prioritere søknadar til spelemidler/tilskot til kulturbygg i Vestland på lik line som ved spelemidler til ordinære idrettsanlegg og nærmiljøanlegg. Søknadane skal bli sendt til Vestland fylkeskommune innan torsdag 30. april.

Saksopplysninger:

Det ligg føre to søknader i Alver for 2022:

1. Alver kommune

(1) Alver kommune søker om tilskot på kr. 1.500.000 til lokalt kulturbygg som del av nye Alversund barneskule.

Første spadetak for Alversund barneskule vart tatt av dåverande Lindås kommune hausten 2019. Kulturdelen inngår i eit samla bygg med barneskule, fleirbrukshall, basishall, ungdomsklubb og avdeling for musikk/kulturskule-bruk. Alver kommune er eigar og står for drift av bygninga som stod ferdig hausten 2021.

Alversund er ein av dei største bygdene i Alver kommune med nær 4000 innbyggjarar. Det er stor utbygging i området, og folketalet vil auke i åra framover. Bygda har eit aktivt kulturliv med grendalag, ungdomslag, kor og korps. I tillegg er kommunen sjølv brukar av anlegget gjennom desentralisert tilbod i kulturskulen.

Fleirbrukshallen vert utrusta med fast scene. Det vert bygd eige musikkrom med eit lite sceneplatå for øving og mindre arrangement, samt tre separate øvingsrom. Det vert bygd lager for korps og møterom/kontor for frivillige lag. Det vert bygd kioskkjøkken samt eit større kantinekjøkken til bruk ved større arrangement. Hallen får auditorium til utleige for frivilligheita. Den sentrale delen av bygget er tilrettelagt som amfi, her vert det lysrigg og lydanlegg for gruppeframføring. Hallen elles får speakeranlegg, og hovudhall er bygd utan vindu og med dimming på lysanlegg.

Alversund er ei aktiv og folkerik bygd i Alver kommune, med eit stadig aukande folketal. Eit lokalt kulturbygg som del av Alversund barneskule styrker bygda og gjev gode og naudsynte tilbod til innbyggjarane. Bygda og skulen står betre rusta for framtida, og vert ein viktig sosial og kulturell del av Alver kommune.

Alver kommune søker gjennom ordninga for kulturbygg i Vestland om kr. 1.500.000. Totalkostnad for tilrettelegging av Alversund barneskule som lokalt kulturbygg er berekna til kr. 20.360.875.

Vestland fylkeskommune prioriterer fornya søknadar som er godkjent i anleggsregisteret tidlegare, men som har fått avslag grunna manglande rammer. Søknaden til Alversund skule er godkjent i anleggsregisteret og vart fyrst fremma i 2020. Søknaden vart fornya i 2021 og no i 2022.

Søknaden får prioritet 1 på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg, med søknadssum 1.500.000 kr.

2. Stiftinga Museumssenteret i Hordaland (MUHO).

(2) Stiftinga Museumssenteret i Hordaland søker om tilskot på kr. 3.656.000 til kulturbygget *Naturrom Lygra*: Nybygg/tilbygg av formidling og aktivitetsbygg på museum ved Lyngheiseret

MUHO er eit museum for levande kultur-, natur- og industriarv, og eit kompetansmiljø for konservering og bygningsvern i Hordaland. MUHO utfører aktiv bevaring og levande formidling mellom anna innan tekstilarv, kulturlandskap og industrihistorie.

Lyngheiseret på Lygra er eit nasjonalt kulturlandskapsenter som omfattar lyngheilandskapet langs kysten frå Hvaler til Lofoten. Den vestnorske lyngheia høyrer til eit stort nordatlantisk kystlandskap frå Nord Portugal til Lofoten. Lyngheiene er ein del av ein felleseuropeisk kulturarv som held på å forsvinna, meir enn 80 % har gått tapt dei siste 100 åra. Lyngheiseret er oppretta for at det skal vere mogleg for framtidige generasjonar å oppleve dette landskapet og få lære om kystbefolkninga si tradisjonelle ressursbruk og historie.

MUHO vil fornye utstillinga si med ein annleis og innovativ formidlingsarena. Noverande utstilling er 21 år og treng ei fornying. Arealbehovet har og endra seg. Naturrom Lygra har innovativ arkitektur med element frå fortid og framtid, er miljøvennleg og sjølvforsynt med straum og vatn. Det skal vise fortida si nøysemd, om att bruk og viser kurs mot framtida. Naturrom Lygra skal vera ope for besøkande også utanom dei faste opningstidene til Lyngheiseret. Det skal romme kunnskap og informasjon og aktiv formidling i integrasjon med kulturlandskapet på Lygra. Målet for Naturrom Lygra er å løfte Lyngheiseret som natur og kulturattraksjon, kunnskaps- og opplevingsarena lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Lyngheiseret har besøk av mange elevar frå vidaregåande og studentar som har feltkurs og studieoppgåver. Ein ny formidlingsarena vil i stor grad bidra til at MUHO kan gje eit betre tilbod til denne gruppa. Elevar frå grunnskulen har fleire undervisningsopplegg med aktivitetar som krev plass både ute og inne. Med ein ny formidlingsarena og eit Naturrom vil Lyngheiseret kunne ta i mot fleire av desse gruppene.

MUHO ynskjer å lage ein annleis formidlingsarena i tilknytning til uteområdet like ved noverande infobygg. Området har god utsikt over landskapet og skal vere eit tilrettelagt uteområde med plass til aktivitetar. Eit nytt Naturrom som skal romme kunnskap og informasjon, aktiv formidling og eit «stillerom – refleksjon rom».

Naturrommet skal vera ope for besøkande utanom dei faste opningstidene til Lyngheisenteret.

Søknaden får prioritet 2 på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg, med søknadssum 3.656.000 kr.

Saka har vore på høyring hjå Alver kulturråd som ikkje har innvendingar til prioriteringa frå Alver kommune. Uttalen frå Alver kulturråd er vedlagt.

Vedlegg i saken:

15.03.2022	Alver Kulturråd - uttale spelemidlar lokale kulturbygg 7 mars 2022	1707412
------------	---	---------

Alver kommune
Kulturkontoret v/Sigrid Fivelstad

7. mars 2022

Ang uttale på «Prioritering av spelemidler til kulturbygg i Vestland» for 2022

Prioritet 1 - Alversund barneskule – kulturbygg, kommentar:

Det lokale kulturbygget i samband med nye Alversund barneskule er eit lenge etterlengta tilbod for området. Alver kulturråd er nøgd med vurderingane som er tatt i høve Alversund som eit folkerikt område kor det vil vere viktig å leggje til rette for møteplass med mange funksjonar.

Det nye bygget er ei stor investering for kommunen og Alver kulturråd vil åtvare mot at dei mange, gode funksjonane i den nye tilbodet blir prisa så høgt at det frivillige kulturlivet ikkje ser seg råd å nytte det.

Prioritet 2 - Lyngheisenteret – kulturbygg, kommentar:

Ei oppgradering av Lyngheisenteret passer godt i hop med måla i biosfæreprosjektet som kommunen er inne i. Og det er sær bra at det eksisterande tilbodet blir vidareutvikla framfor at nye prosjekt blir prioritert.

Alver kulturråd har ein samarbeidsavtale med politisk og administrativ leing i Alver kommune, underskriven 18 aug 2020. I pkt 2 i denne avtalen er det eit mål at «avtalen skal vere med å sikre god ressursutnytting av offentlege midlar til kulturfeltet».

Vi meiner at prioriteringa av spelemidler til dette føremålet er godt vurdert og har difor ingen innvendingar til dei to forslaga som ligg føre.

Alver Kulturråd takkar for positivt samarbeid.

På vegne av styret i Alver kulturråd



Arild Hagenes

Styreleiar



Per Ole Ekker

Sekretær

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-C52, FE-223
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 24.02.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
027/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	22.03.2022

Tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner følgjande fordeling av tilskot til istandsetjing av verneverdige kulturminne 2022:

Søkjjar	Kulturminne	Tilskot
Nordhordland veteranbåtlag	DS Oster	98 000 kr
Kjellaug Seljelid og Øyvind Feste	Gardflor på Øvre Skodvin	20 000 kr
Ruth Weløy Myksvoll og Trygve Myksvoll	Løe på Nedre Myksvoll	30 000 kr
Kjersti Isdal	Steinhus på Isdal	25 000 kr
Johannes Mangersnes	Kvernhus i Mangersnes	10 000 kr
Aril Langenes	Gardflor på Kopperdal	50 000 kr
Ivar Andreas Askvik	Løe på Askvik	40 000 kr
Meland mållag	Elias Mjåtveit-huset	7 000 kr
Aina Isdal Haugland	Hage, lad og hellegang på Isdal	20 000 kr

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Bakgrunn

Kommunestyret i Alver kommune vedtok i møte 16. september 2021 reviderte retningslinjer for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv. Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga Istandsetjing av verneverdige kulturminne. Denne tilskotsordninga hadde søknadsfrist 15. november 2021. Det kom inn få søknader i denne søknadsrunden, truleg fordi førre søknadsfrist var berre to månader tidlegare (15. september 2021). Søknadsfristen vart difor forlenga til 15. februar 2022.

Det er sett av 300 000 kroner til fordeling i denne søknadsrunden.

Saksopplysningar:

Retningslinjene for tilskotsordninga seier at den skal bidra til å ta vare på verdifulle og verneverdige bygningar, kulturmiljø og andre typar kulturminne i Alver kommune i privat eige. Kulturminne som er prioriterte i kulturminneplan og verneverdige kulturminne som ligg i omsynssone for bevaring av kulturmiljø (H570) skal normalt prioriterast ved tildeling. Restaureringa skal skje i tråd med antikvariske prinsipp og i dialog med kulturminneansvarleg i Alver kommune.

Det kom inn ni søknader i denne søknadsrunden.

Vurdering av søknadene:

1. Istandsetjing av skrog på D/S Oster

Nordhordland veteranbåtlag søker om 100 000 kroner i tilskot til utskifting av bunnstokkar og spant.

Totalkostnaden for tiltaket er 1 443 000 ekskl. mva.

DS Oster vart bygd i 1908 for å bryta vinterisolasjonen til Modalen kommune. Den gjekk i rute i våre farvatn heilt fram til 1964. Riksantikvaren har vurdert DS Oster til å vera verneverdig, og båten har også stor historisk verdi for heile nordhordlandsregionen.

Kommunedirektøren rår til at Nordhordland veteranbåtlag får 98 000 kroner i tilskot til restaurering av DS Oster.

2. Gardflor på 96/3 Øvre Skodvin

Øyvind Feste og Kjellaug Seljelid Feste søker om 50 000 kroner i tilskot til restaurering av gardflor på gnr 96/3 Øvre Skodvin. Totalkostnaden på prosjektet er 200 000 kroner.

Det er i dag berre murane som står att av gardfloren. Eigar ynskjer å leggja nytt tak på murane. Slike tørrmyra gardflorar var vanlege i heile nordhordlandsregionen, og er viktige element i kulturlandskapet vårt. Bygget er ikkje prioritert i kulturminneplan og ligg heller ikkje i omsynssone for bevaring av kulturmiljø.

Kommunedirektøren rår til at eigar får kr 20 000 i tilskot til prosjektet.

3. Grindverksløe, 65/1 Nedre Myksvoll

Trygve Johan Myksvoll og Ruth Weløy søker om 80 000 kroner i tilskot til restaurering av løa på gnr 65/1 Nedre Myksvoll. Totalkostnaden på prosjektet er 310 000 kroner.

Løa, som skal vera bygd på 1880-talet, er typisk for Nordhordlands-regionen; grindløe med murt flor under og vernemur mot sør. Det har seinare blitt bygd til ein flor mot aust. Det er innvendig att delar av den gamle grindkonstruksjonen; stavar, betar, sneband og stavlegje, men elles er det det meste av nyare dato. Det er tørrmurkonstruksjonane i løa som gjev den kulturminneverdi. No er det lekkasje i taket på løa Myksvoll og eigarane ønskjer mellom anna å legge om taket for å hindre vidare forfall. Dette er ein føresetnad for at dei gamle murane skal kunne takast vare på. Bygget er ikkje prioritert i kulturminneplan og ligg ikkje i omsynssone for bevaring av kulturmiljø.

Kommunedirektøren rår til at søker får 30 000 kroner i tilskot til restaurering av taket på løa på Nedre Myksvoll.

4. Gardflor 185/7 Isdal

Kjersti Isdal søker om 25 000 kroner i tilskot til restaurering av gardflor på gnr 185/7 Isdal. Totalkostnaden på prosjektet er 145 000 kroner.

Gardfloren er innlemma i steingarden rundt innmarka på Isdal. For å ta vare på bygget ynskjer eigar å leggja nytt tak, setja inn dører og utbeta skade i mur.

Gardfloren på Isdal ligg innanfor omsynssone H570_6 (bevaring av kulturmiljø) i kommuneplanen for Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031. Området er i tillegg vurdert til å ha regional kulturminneverdi.

Kommunedirektøren rår til at søker får 25 000 kroner i tilskot til restaurering av gardfloren på Isdal.

5. Kvernhus Mangersnes, gnr 444

Johannes Mangersnes søker på vegne av felleseiga på gnr 444 Mangersnes om 13 000 kroner i tilskot til restaurering av felles kvernhus. Totalkostnaden på tiltaket er 25 000 kroner.

Dette er eit av dei nyaste kvernhusa me kjenner til i vårt område – bygd så seint som kring 1922-1923. Det vert søkt om tilskot til nytt vindauge, ny inngangsdør og karm og ny kledning på delar av bygget. Kvernhuset er plassert i verneklasse B i Kulturminneplan for Radøy kommune 2017-2027, dvs bygg som er vurdert å ha

høg lokal verneverdi.

Kommunedirektøren rår til at søkjar får 10 000 kroner i tilskot til tiltaket.

6. Gardflor og lammehus på 167/1 og 2 Kopperdal

Arild Langeseter søkjer om 80 000 kroner i tilskot til istandsetjing av gardflor og lammehus på gbnr 167/1 og 2 Kopperdal. Totalkostnaden på tiltaket er 420 000 kroner.

Bøgarden, som er ein steingard som skil innmark og utmark, er synleg i det bratte terrenget ovanfor tunet i Kopperdal. Denne steingarden strekk seg på tvers av eiegen og er eit imponerande byggverk trass i at den har rast saman og er skada fleire stader. Som ein del av denne steingarden ligg to tørrmurte bygg; eit rektangulært bygg og eit mindre kvadratisk bygg. Bygga ligg på innmarksida av steingarden som utgjer bakveggen til begge bygningane. Bygga har pulttak med høgste veggen mot dalen. Taket har vore tekt med villskifer/heller på sperr, men sperrene har rotna og helletaket har kollapsa. Eigaren av denne gardflora har blitt fortalt at det største bygget har blitt brukt til mjølking av sau og at det minste er eit såkalla lammehus.

Dette tørrmurte anlegget med bøgard, gardflor og lammehus på Kopperdal er ein av få slike anlegg me kjenner til i området, det representerer ein utdøydd del av landbrukshistoria, det er utført med høg handverkskunnskap og er ein flott representant for tørrmuringstradisjonen i Nordhordland og har med det høg kulturminneverdi. Bygget er ikkje nemnd i kulturminneplanen for Lindås kommune og ligg ikkje i omsynssone for bevaring av kulturmiljø.

Kommunedirektøren rår til at søkjar får 50 000 kroner i tilskot til tiltaket.

7. Løe, 236/2 Askvik

Ivar Andreas Askvik søkjer om 116 943 kroner i tilskot til restaurering av løe på gnr 236/2 Askvik. Totalkostnaden for prosjektet er 157 443 kroner.

Løa på Askvik er ei eldre grindverksløe. Søkjar skriv at bygget kan vera sett opp på 1700-talet, medan den i følgje Norske gardsbruk er sett opp kring 1810. Ein del av grindane i løa er truleg frå ei tidlegare løe, og har fleire alderdomelege trekk og spor etter gjenbruk. Løa er også rik på gamle inskripsjonar av ulike symbol. Eigar ynskjer å skifta tak på sørlege delen av løa og restaurera golvet i løa.

Alderdomelege bygdingsdelar og dei unike innskripsjonane gjer at bygget bør takast vare på. Løa er ikkje tatt med i kulturminneplanen for Lindås kommune og ligg ikkje i omsynssone for bevaring av kulturmiljø.

Kommunedirektøren rår til at søkjar får 40 000 kroner i tilskot til restaurering av taket på løa.

8. Elias Mjåtveit-huset

Meland mållag søkjer om 7 000 kroner i tilskot til å finansiera fortsatt forsvarleg lagring av Elias Mjåtveit-huset i påvente av at oppattbygging av huset. Totalkostnaden for denne delen av prosjektet er 11 000 kroner.

Huset var bustaden til lyrikaren, folkeminnesamlaren, folkeopplysaren, samfunnskritikaren, religionsfilosofen og spelemannen Elias Mjåtveit. Huset skal også vera den einaste gjenverande husmannsplassen i tidlegare Meland kommune. Huset stod tidlegare på Mjåtveit, men vart rive i 2020 og bygningsdelane ligg i dag lagra i ei løe på Fosse.

Meland mållag fekk i 2020 tilskot frå Alver kommune til første del av prosjektet som handlar om demontering, reingjering, dokumentasjon, loggføring og merking av alle bygningsdelane. Dette tilskotet har også dekkja leige for lagring av bygget fram til no.

Meland mållag søkjer no om 7 000 kroner i tilskot til å dekkja utgifter til lagring av bygget fram til det er

funne ny tomt og det er klart for gjenoppbygging av huset.

Kommunedirektøren rår til at Meland mållag får 7 000 kroner i tilskot til å dekke utgifter til lagring av bygget.

9. Lad, hellegang og hage, 185/5 Isdal

Aina Isdal Haugland søker om 27 000 kroner i tilskot støttemur (lad) og hellegang på gnr 185/5 Isdal. Totalkostnaden for prosjektet er 81 900 kroner. Dette inkluderer arbeid med tilbakeføring av hage til nyttebruk og fleire vekster. Den delen av prosjektet som omhandlar hagen vert vurdert å ikkje koma inn under det som kan støttast gjennom dene tilskotsordninga. Kostnaden berre for støttemur og hellegang er kring 55 000.

Søklar ynskjer å restaurera støttemurar kring huset og reetablere hellegang mot husveggen. Isdal ligg innanfor omsynssone H570_6 (bevaring av kulturmiljø) i kommuneplanen for Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031. Området er i tillegg vurdert til å ha regional kulturminneverdi.

Kommunedirektøren rår til at søklar får 20 000 kroner i tilskot til dette tiltaket.

Vedlegg i saken:

10.03.2022	Søknad om tilskot til istandsetjing av det verneverdige kulturminnet DS OSTER	1706266
10.03.2022	Vedlegg 3 - Pristilbod Dåfjorden Slipp	1706267
10.03.2022	Vedlegg 2 - S029-106-K592-2 Tilstandsrapport	1706268
10.03.2022	Vedlegg 1 - OSTER LEPF Påleggsliste Sjøfartsdirektoratet 07.07.2021	1706269
10.03.2022	Søknad om tilskot til meirkostnad ved istandsetjing av nyare tids kulturminne - gardflor/uteflor	1706270
15.03.2022	Gardflor_3	1706271
15.03.2022	gardflor 1966	1706272
10.03.2022	Søknad om tilskot til istandsetjing av verneverdig kulturminne - løe frå 1880	1706273
10.03.2022	Løe på Nedre Myksvoll	1706274
10.03.2022	Prosjektbeskrivelse steinhus Isdal 2021	1706275
10.03.2022	Tilskot til verna kulturminne 2022	1706276
10.03.2022	Mangersnes Kvernhus	1706277
10.03.2022	Søknad om tilskot til istandsetjing av verneverdige kulturminner	1706280
10.03.2022	Kostnadsoverslag gardflor alternativ I	1706282
10.03.2022	Gardflor i Kopperdalen - rapport frå synfaring 14.07.21	1706283
10.03.2022	Gardflor i stein fotodokumentasjon	1706284
10.03.2022	Gardflor i Kopperdalen tilstand og tiltak	1706285
10.03.2022	Gardflor Kopperdal. Kulturverntenesta i Nordhordland	1706286
10.03.2022	Søknad om tilskot til istandsetjing av verneverdige kulturminner	1706287
10.03.2022	Følgjebrev til søknad om kulturmidlar - historie	1706288
15.03.2022	Bilete IMG-3827	1706289
10.03.2022	Budsjett bevaring løe	1706290
10.03.2022	Søknad om tilskot til Elias Mjåtveit-huset	1706291
10.03.2022	Elias-huset budsjett lager 2022	1706292
10.03.2022	Søknad om tilskot til verna kulturminne 2022	1706293
10.03.2022	Budsjett lad, hellegang og hage	1706294
10.03.2022	Isdal front mot vest	1706295
10.03.2022	Støttemur og austvegg	1706296

Arkiv: <arkivID><jpid> FA-X01
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
028/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	22.03.2022
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

17. mai 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Alver kommunestyre godkjenner prinsipiell skisse for 17. mai 2022, slik det går fram av saka.
2. Alver kommunestyre løyver kr 70 000 til gjennomføring av årets 17. mai-feiring
3. Midlane vert henta frå disposisjonsfondet

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur og innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

17. mai-feiringa i dei tre tidlegare kommunane har vore gjennomført av lokale komitear på ulikt vis, og med ulikt nivå av støtte frå kommunale funksjonar. Unntaket er folkemøtet ved Meland kyrkje, der kommunen direkte har vore medarrangør.

17. mai 2022 vert grunna pandemien den første ordinære feiringa sidan Alver kommune vart etablert, og det er behov for somme avklaringar for årets feiring, med økonomisk tilsnitt.

Denne saka gjeld handtering av 17. mai 2022. Kommunen sitt langsiktige engasjement i 17. mai-feiringa må komme i ei eiga sak seinare.

Saksopplysningar:

17. mai i Alver vert gjennomført av over 30 lokale komitear og grupperingar, med ulik formell organisering og samansetting. Storparten har deltaking eller leiing av FAU ved den lokale skulen. I tillegg er det somme markeringar som følgjer eldre skulekrinsar og markeringar ved til dømes minnestadar.

Kommunane har hatt avgrensa roller ved gjennomføringa av desse markeringane, som overordna kan karakteriserast som grunnleggande samfunnsarrangement med sterk lokal forankring og tradisjonar. Detaljar for korleis markeringane gjennomførast er festa i grunnleggande og djup lokal kunnskap og eit mangfald av tradisjonsbundne samarbeidsformar.

Alver kommune har hatt somme vurderingar og mindre roller knytt til 17. mai i 2020 og 2021, slik dei vart gjennomførte på avgrensa måte.

Saka legg prinsipielt opp til at kommunen bidrar til gjennomføring av 17. mai 2022 etter følgjande punkt:

1. Kransar, blomar og talarar

I tidlegare Radøy og Meland kosta kommunen kransar totalt 9 plassar. Denne ordninga har fortsett i Alver. For kransar i tidlegare Lindås har Alver refundert utgifter fem stadar. Kommunedirektøren tilrår til å vidareføre dette i 2022. Val av talarar og tinging av blomar gjerast av den einskilde komite.

1. Flagging

Nytt flaggreglement fastset at kommunen sentralt flaggar på Alver rådhus og kommunehusa på Manger og Frekhaug. Lokal flagging andre plassar ordnast lokalt, av lokale kommunale funksjonar og/eller frivilligheita. Dette er i heilskap tilsvarande som tidlegare år, med somme mindre skilnader, noko ein har fått erfaring med dei siste to åra. Det er vidare somme private flaggstenger med offentleg karakter, som vert flagga lokalt.

Det vert informert breitt om dette i forkant av årets arrangement.

2. Bruk av kommunale lokale

Kommunedirektøren tilrår at bruk av kommunale lokale på 17. mai (t.d. idrettshallar og skular) ikkje vert fakturert for. Dette er i hovudsak vidareføring av tidlegare praksis, men med somme unntak t.d. for Radøyhallen. Kommunen sentralt fordeler tid i idrettshallane gjennom Aktiv kommune. Tradisjonsbunden tid i skular avklarast lokalt.

3. Innsamling av program

Dei tidlegare kommunane hadde ulik praksis på korleis ein formidla 17. mai-programma i heilskap. Erfaringa dei siste åra har vist at komiteane i stor grad ordnar dette sjølv, gjerne i samarbeid med lokalavisene. Vidare er erfaringa at forsøk på innsamling og koordinering av informasjon om eit så stort tal program vert ei uforholdsmessig omfangsrik administrativ oppgåve, utan at ein kan garantere kvalitetssikra og oppdatert informasjon.

Kommunedirektøren tilrår at kommunen ikkje tek ei rolle i å samle inn program frå komiteane.

4. Økonomi for komiteane

17. mai-komiteane sørgjer tradisjonelt sjølv for økonomiske forpliktingar knytt til feiringa. FAU Manger søkte kommunen i desember 2021 om tilskot til gjennomføring av feiringa i 2022, med grunnlag i at dei ikkje hadde hatt inntekter dei siste åra. Det har elles ikkje komme formelle førespurnadar om økonomisk bistand til komiteane.

Kommunedirektøren rår ikkje til å etablere tilskotsordning for 17. mai. Dei mange komiteane og grupperingane er sett saman og organisert på svært ulikt vis. Erfaringa frå mellombels tilskotsordning i Radøy i 2018/19, tilseier at ei innretting for heile Alver vil vere krevjande, og med behov for administrative ressursar som vil kunne få konsekvensar for andre tilbod.

Inntektene til den lokale 17. mai-kassa skal i hovudsak gå til innkjøp for påfølgjande år. Dette kan vere utfordrande etter to år med pandemi. Det er kommunedirektørens vurdering at bygdene og lokalsamfunna likevel bør handtere økonomien på eigenhand, som ved tidlegare år.

5. Folkemøtet ved Meland kyrkje

Folkemøtet ved Meland kyrkje har eksistert i over 100 år, med kommunen som direkte medarrangør over ei årrekke. Markeringa går føre seg på formiddagen, med deltaking frå Grasdal, Vestbygd og Sagstad skular, samt korps, kyrkje og ungdomslag frå desse skulekretsane.

Kommunen ved politisk nivå/utvalsleiar har tradisjonelt leia komiteen, og administrative funksjonar har

gjennomført bestilling av scene og busstransport.

Kommunedirektøren vurderer at ein ikkje kan endre kommunens deltaking ved markeringa utan at det får grunnleggande konsekvensar for gjennomføringa av 17. mai her. Kommunedirektøren tilrår derfor at kommunen held fram med rolla som medarrangør i 2022, med framtidig avklaring til handsaming på eit seinare tidspunkt.

6. Kostnadar

Kommunens direkte kostnadar til kransar i heile kommunen, og utgifter til folkemøtet ved Meland kyrkje kjem på kr 70 000 inkludert usikkerheit knytt til prisauke.

Kommunedirektøren si tilråding:

- Alver kommunestyre godkjenner prinsipiell skisse for 17. mai 2022, slik det går fram av saka.
- Alver kommunestyre aukar ramma for samfunnsutvikling med kr 70 000 til gjennomføring av årets 17. mai-feiring
- Midlane vert henta frå disposisjonsfondet

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 10.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
029/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	22.03.2022

Meldingar og orienteringar til OKK - 22.03.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saksopplysninger:

Følgjande meldingar og orienteringar vert lagt fram i møtet:

-Status handlingsplan mot vold i nære relasjonar v/Kjersti Risa Marøy-tenesteleiar Helsestasjon og jordmor

-Presentasjon av følgjande barnehagar i Alver: Marihøna barnehage, Drømmehagen barnehage, Espira Marthahaugen barnehage, Leiketun barnehage, Leirdalen barnehage og Læringsverkstedet Maurtua barnehage.